



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 11.04.2019

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Kommunehuset, Jondal

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard
Odda kommune:
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones - Rådsvaraordfører
Ullensvang herad: Varaordfører Kåre Grønsnes
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsordfører
Hardangerrådet iks: Styreleiar Toralv Mikkelsen (til kl 11.00),
styrenestleiar Astrid Dale Vindal

Rådmannsforum:

Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Forfall: Ordfører Solfrid Borge, Ullensvang herad
Ordfører Roald Aga Haug, Odda kommune
Rådmann Thore Hopperstad

Agenda:

09.00 – 10.00 Årsmøte Hardangerrådet iks

10.00 – 11.30 Sakshandsaming

11.30 – 12.30 Lunsj

12.30 – 13.30 Sakshandsaming

13.30 – 14.00 Orientering:

Folkeuniversitetet

v/ Reidar Brandsberg og Wenche Fonneland

14.00 - 15.00 Evt. sakshandsaming

Orientering:

Folkeuniversitetet v/ Reidar Brandsberg og Wenche Fonneland

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Ingebjørg Winjum

Jon Larsgard

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak 15/19 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 22/19.

- Status internasjonale prosjekt
- Bu museum

HR-sak 16/19 Meldingar

I møtet vart det orientert om møtet med Domstoladministrasjonen i Oslo tingrett 27.03. Vedr. Melding 2: Hardangerrådet bør invitera dekningsdirektør i Telenor til møte i Hardangerrådet i 2019.

Vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande.

HR-sak 17/19 Støtteuttale til Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett sin intensjonsavtale om samanslåing av tingrettane.

Vedtak:

Uttale til Domstolkommisjonen:

Hardangerrådet vil gje full støtte til den inngåtte intensjonsavtalen mellom dei tilsette i Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett.

Dei mål som er nemnde i avtalen gjev eit godt bilete av kva hovudargument som ligg til grunn for ønskje om å etablera ein ny felles tingrett for Hardanger og Sunnhordland.

Rettstryggleiken for innbyggjarane i Hardanger og Sunnhordland er heilt avgjerande for oss og vi meiner denne modellen ivaretek dei føresetnader som må liggja til grunn for å ivareta rettstryggleiken på ein forsvarleg måte.

Hardangerrådet vil difor på nytt be om at Domstolkommisjonen ser på kva styrke ein slik samanslegen tingrett vil ha både for innbyggjarane og fagmiljøa omkring.

HR-sak 18/19 Støtteuttale til vidareføring av tilbodet om vaksenopplæring "Deltid gartner" på Hjeltnes.

Forslag til uttale under vart drøfte i møtet. Dagleg leiar og Rådsordførar får fullmakt til å ferdigstilla uttalen:

"Uttale frå Hardangerrådet vedr. flytting av undervisningstilbod "deltid gartner" frå Hjeltnes til Voss VGS.

Hardangerrådet vil i samband med intensjonen om å flytta undervisningstilbodet "deltid gartner" gje støtteuttale til å halda fram med dette undervisningstilbodet ved Hjeltnes og ikkje flytta det til Voss VGS. Hardangerrådet grunnjev støtten til å vidareføra undervisningstilbodet ved Hjeltnes med følgjande argument:

- Prosessen i framkant av konklusjonen har ikkje involvert fagmiljø som fruktdyrkarmiljøet og undervisningspersonell ved Hjeltnes på ein god måte.
- Tilrettelegginga for den praktiske delen av opplæringa vil vera langt betre ved Hjeltnes enn ved Voss VGS. I Ulvik og Hardanger finn ein det beste fagmiljøet for å kunne gjennomføra praktiske øvingar innanfor denne utdanninga. Ei god praktisk forståing saman med god teori vil vera avgjerande for kvaliteten i denne utdanninga.

Ved Hjeltnes finn ein eit anlegg som er skreddarsydd for den praktiske delen av undervisninga. Det lokale fagmiljøet innanfor fruktdyrking som ein finn i Ulvik gjev uvurderleg kunnskapstilgang for undervisninga.

- Dersom det faglege tilbodet og tilrettelegginga vert svekka så vil ikkje vaksengartnarilbodet vera så attraktivt lenger. Hjeltnes har opplevd stigande søkjartal, noko som er ei direkte tilbakemelding om korleis kvalitet og tilrettelegging vert vurdert av søkjarmassen. I motsett fall vil ein ved redusert søkjartal og evt. bortfall av vaksengartnarilbodet stå att med ein tapar: Næringa i Hardanger og Sogn.
- Utviklinga i siderproduksjonen som vi no ser i Ulvik og Hardanger elles vil med vidareføring av kompetanse frå Hjeltnes kunne vekse vidare og verta ein berebjelke i fruktproduksjonsmiljøet framover.
- Utviklinga av vaksenopplæringsmodellen for gartnarfaget må skje ved Hjeltnes der vi no ser auke i søkjartal og tilhøva ligg svært godt tilrette for å halda fram med dette undervisningstilbodet.
- Koblinga mot undervisningstilbodet "Lokal matkultur" er svært viktig og gjev studentane god kunnskap i vidareforedling av lokale frukt- og bærprodukt. Denne undervisninga krev at ein er "tett på" det eksisterande fruktdyrkarmiljøet.
- Omtala fasilitetane ved Hjeltnes !!! "

HR-sak 19/19 Uttale vedr. krav om nasjonal rassikringsplan inn i NTP 2022 - 2033.

Vedtak:

Uttale frå Hardangerrådet til alle politiske parti på Stortinget:

Vegnettet i Norge skal vera trygt å ferdast på. Det er ei overordna målsetjing som vi alle kan stilla oss bak. Status er likevel at i mange område er folk særst utrygge med å køyra langs vegane når værtilhøva gjer at rasfaren aukar. Skuleborn og arbeidsreisande må ofte vurdere om ein vil utsetja seg for den risiko det er å køyra gjennom rasfarlege område. Slik utrygghet og den psykiske påkjenning dette medfører bør ingen oppleve ved å ferdast på vegane i landet vårt.

Nasjonal rassikringsgruppe har lagt fram i liste som viser at det krevst 51mrd over 12 år for å rassikra riks- og fylkesvegane i Norge.

Dette utgjør mindre enn 5% av NTP og Hardangerrådet vil på det sterkaste oppmoda alle politiske parti om å støtta prioriteringa av rassikring som høgste prioritet i ny NTP 2022 - 2033. Nokre politiske fylkesparti har alt gjort vedtak om støtte til rassikring som første prioritet i ny NTP.

Ein samordna rassikringsplan bør få tilslutnad frå alle parti på Stortinget. Kravet til å kunne ferdast trygt ift. rasisiko på det offentlege vegnettet i Norge burde vore sjølvsgt.

De syner seg imidlertid at løyvingane til rassikringstiltak ikkje på nokon måte har vore tilstrekkelege og at det no er høgst påkrevd at ein i den nye NTP set av 51 mrd til ein samla rassikringsplan slik at naudsynte rassikringstiltak kan koma igang og gjennomførast i den komande 12-års NTP-perioden

Særleg i Hardanger har utfordringane med rasfare vore store. Hardangerrådet oppmodar alle politiske parti på Stortinget om å ta rassikring på alvor og få ein heilskapleg nasjonal rassikringsplan inn i NTP 2022 - 2033 med høgaste prioritet.

HR-sak 20/19 Etablering av interimsstyre for vidare arbeid med regionalt samarbeid for Hardangerregionen.
All kontakt frå Hardangerrådet må skje på regionrådsnivå.
Naturleg at Sogn regionråd, Voss, Vaksdal saman med Hardangerrådet dannar eit interimsstyre for å sjå nærare på kva tema som kan vera aktuelle for samarbeid.

Sidan Odda kommune ikkje er representert i møtet vert saka teken opp att i neste rådsmøte.

HR-sak 21/19 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.

Kvam: Kommuneplan arealdel - akvakulturanlegg
Rassikring av Tokalgjelet Rassikringsmidlar 670 millionar
Kommunedelplan for Kvam

Eidfjord: Landstrøm til cruiseskip - moglege prosjekt
Klarsignal for kommunedelplan Sysendalen.

Jondal: Småkraftverk og linjebygging
Skule og fleirbrukshall.
Tunnel mellom Nordrepollen og Austrepollen
God satsing i Reiselivet - både nytt besøkssenteret på Folgefonna og nytt hotell står snart klare.

Granvin: Natursteinbrot.
Oppussing av gamle yrkesskulebygget
Stor byggeaktivitet av leiligheiter

Ulvik: Ny høyring på soneforskrift på CVD i Nordfjella, får også betydning for beiteområda i både Ulvik og Eidfjord på fjellet fram til RV 7.
Heile CVD prosessen er veldig nytt for Norge.

HR-sak 22/19 Orienterings- og drøftingssaker.

- Status internasjonale prosjekt
Trude Rinaldo orienterte. To av prosjektsøknadene der Hardangerrådet er med som partner er med i fase 2-vurdering for godkjenning.
- Bu museum
Anved Johan Tveit orienterte om status vedr. Bu museum. Ordførar i Ullensvang herad, Ordførar i Eidfjord kommune og grunneigar ved Bu museum har hatt eit møte. Grunneigar ønskjer at det vert avklara kva som skal skje på BU og at det vert handla deretter .

Møteboka godkjent 11.04.2019.

Hans Petter Thorbjørnsen
Rådsordførar

Rådsmedlem
Ingebjørg Winjum

Rådsmedlem
Jon Larsgard